

REGLEMENT FOR VIK ELDRERÅD

Eldreråd er eit lovpålagt organ etter Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.

- § 1 Vik Eldreråd er eit partipolitisk uavhengig, rådgjevande organ for kommunen. Eldrerådet skal få seg førelagt alle saker som gjeld levекåra for eldre. Framlegg til årsbudsjett, langtidsbudsjett og kommuneplanar skal eldrerådet ha seg førelagt før formannskapet og kommunestyret vedtek desse. Saksdokumenta vert lagde fram for eldrerådet i god tid før politisk handsaming. Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem dei eldre i kommunen.
- § 2 Kommunestyret vel 4 medlemar med varamedlemar i prioritert rekkefølge for den kommunale valperioden. Pensjonistlaget og andre organisasjonar som arbeider for eldre har rett til å koma med framlegg på medlemar. Fleirtalet av medlemane i rådet skal vera alderspensjonistar. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar mellom pensjonistane. Leiaren i Vik Eldreråd skal ha tilsendt saklistene til alle utval, formannskaps- og kommunestyremøte.
- § 3 Eldrerådet held møte etter behov, men minst 4 gonger for året. Leiaren har ansvar for at rådet vert kalla inn til møte. Dersom 2 av medlemane krev det, skal rådet kallast inn til møte. Rådet kan gje uttale når minst halvparten av medlemane er til stades. Rådet fører møtebok. Utskrift av møteboka vert sendt medlemane, ordførar og rådmann. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgja saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.
- § 4 Sekretariatet vert lagt til administrasjonen, som utpeikar ein person til å ivareta sekretærfunksjonen for rådet. Sekretæren skal halda rådet orientert om saker som kan ha interesse for eldrerådet. Kommunestyret vedtek budsjett for drifta.
- § 5 Vik Eldreråd arbeidar kvart år ut ei årsmelding om verksemda si innan utgangen av februar. Meldinga vert lagt fram for kommunestyret som eiga sak.
- § 6 Eldrerådet sin rett til deltaking i kommunestyret går fram av reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår og etiske retningslinjer for folkevald i Vik.